

# årsrapport 2017



VI GJER KULTURARVEN SYNLEG

Sunnmøre Museum · Aalesunds Museum  
Volda Bygdetun · Godøy Kystmuseum  
Herøy Kystmuseum · Sivert Aarflot-Museet  
Brudavolltunet · Ytste Skotet · Møbelmuseet  
Dalsfjord Fyrmuseum · Sykkylven Naturmuseum  
Landbruksmuseet for Møre og Romsdal

OM STIFTINGA	04
FORVALTING	06
FORSKNING	10
FORMIDLING	14
FORNYING	18
BESØKSTAL	20
REKNESKAP	22



—  
Bankskøyta Storeggen hadde  
i 2017 sitt første driftsår

## Museumsdrifta til Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) omfattar 13 museumsarenaer – med ulike fellestenester for alle desse arenaene. Dei 13 musea og fellestenestane er organisert i 7 avdelingar:

Sunnmøre Museum, Aalesunds Museum og Fiskerimuseet, Musea på Søre (Herøy Kystmuseum, Volda Bygdetun, Sivert Aarflot Museet, Brudavolltunet, Dalsfjord Fyrmuseum og Ytste Skotet), Musea i Sykkylven (Møbelmuseet og Sykkylven Naturmuseum), Godøy Kystmuseum og Landbruksmuseet for Møre og Romsdal. SSM er ein del av nettverket Kystverksmusea.

### VISJON

“Vi gjer kulturarven synleg”. Vår visjon er vår vegvisar. Den skal gi retning for kva vi i SSM i fellskap søkjer å jobbe mot.

### VERDIAR

Våre verdiar er viktige ledeårar i vårt arbeid – både i utøvinga av vår samfunnsrolle og i arbeidet for ein god bedriftskultur:

*Samarbeidande:* Som organisasjon skal SSM samarbeide med regionen sine ulike museale aktørar for å bevare og formidle vår felles kulturhistorie. Dei tilsette skal samarbeide på tvers av fag og geografi for å nå felles mål.

*Synleg:* Som organisasjon skal SSM vere synleg både i samfunnsdebatten, innan bransjen og ovanfor styrande myndigheiter. Alle tilsette skal bli sett og verdsatt – både som den personen ein er og i forhold til den oppgåva ein er sett til å gjere.

*Modig:* Som organisasjon skal vi stå for det vi seier og gjer – uavhengig av andre sine meningar og syn. SSM skal vere modig til å gå andre og nye vegar innan SSM sine fagområde. Kvar og ein skal vere modig til å stå for den ein er, modig til å seie i frå og modig til å gi ris og ros.



# forvaltning

—  
Snusdåse frå 1808

SSM sitt mål for forvaltning i perioden 2017 – 2021: I perioden skal SSM prioritere dokumentasjon og registrering av samlingane, drive målretta innsamling og vurdere relevansen av eksisterande samlingar.

Då vi ikkje fekk tilskot til auka satsing på digitalisering, samt permisjon hos sentralt personell, har framdrifta med forvaltingsarbeider vore mindre enn planlagt. Likevel har vi prioritert rydding og skapt betre oversikt i samlingane, så vel som at allereie starta arbeid med registrering og digitalisering har gått jamt vidare.

Kva gjeld sikringstiltak har ein ved Aalesunds Museum installert kameraovervaking, samt ny tilkomstkontrollsystem. Ved Fiskerimuseet vart det installert nytt manuelt sløkkeutstyr i heile bygninga. På friluftsmuseet i Borgundgavlen er det installert eit meir effektivt og samordna brannalarmsystem som er knytt direkte mot brannvesen. Dette er i 2017 utbetra med midlar frå Kulturrådet.

Hausten 2017 vart det oppdaga omfattande mugg- og soppangrep i utstillinga og in situ-området i Middelaldermuseet. Det førte til at museet måtte stengast omgåande for sanering. Med eigen arkeologisk kompetanse, i dialog med ekstern antikvarisk ekspertise, har ein utbetra skadane.

Når det gjeld forvaltninga av dei kulturhistoriske bygningane, har det som Kulturrådet har påpeika, ikkje vore etablert eit systematisk vedlikehald. Dette har vi i 2017 tatt tak i, og det er etablert eit prosjekt som tek sikte på å implementere eit system for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV-system). I dette arbeidet legg vi Kulturrådet si rettleiing.





---

Vårstemning på Ytste Skotet





Møbelmuseet skriver bok om møbelindustrien på Sunnmøre

## SSM sitt mål for forskning i perioden 2017 - 2021: SSM skal prioritere forskingsprosjekt som gir auka kunnskap om kystkultur og regionen si historie.

To konservatorar i SSM avla eksamen i studiet "Å forske i og på museum" ved UiB. Studiet gir 15 sp., og målet er å auke forskarkompetansen, samt å skrive fagfelleverderte artiklar. Studiet vart finansiert av SSM og vil halde fram med del to i 2018.

Det er og innleia eit samarbeid med UiB for å etablere eit større internasjonalt forskingsprosjekt. Under tittelen "Borgund alive" ser ein for seg å sette mellomalderbyen Borgund på kartet, noka UiB meiner den fortener med dei 45 000 arkeologiske funna som allereie er kjend.

På Møbelmuseet held ein på med å skrive ei bok om møbelindustrien på Sunnmøre; med tittelen "Selg eller dø. Sunnmøringen som møblerte Norge". Dette skal bli ei grunnbok i sunnmørsk møbelhistorie og arbeidet held fram i 2018. Ein 1.konservator er engasjert i 70 % forskarstilling, kor SSM i samarbeid med Høgskulen i Volda dokumenterer og skriv Skodje kommune si historie fram til i dag, samt skriv historia for Ålesund & Sunnmøre Turistforening. Boka kjem i 2018.

Forskinga på brun mannsbunad frå Sunnmøre held fram. Her brukar ein originalplagga på Sunnmøre Museum til å kopiere saumteknikkar, snitt og materiale for å halde kurs for publikum for å vidareføre og formidle denne kunnskapen.

Generelt; SSM kan med fordel auke innsatsen innan forskning og kunnsapsproduksjon. Dessutan må ein sjå til at forkinga skjer i samspel med formidling- og forvaltingsaktiviteten, for betre heilskap i drifta. Kulturrådet har påpeika at musea bør heve seg innan FoU, noko SSM tek på alvor.





—  
Brun mannsbunad frå Sunnmøre





# formidling

—  
På sjørøvertokt med  
Storeggen av Aalesund

SSM sitt mål for formidling i perioden 2017-2021: SSM skal i perioden formidle kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking. Den skal være relevant og attraktiv. Vi vil prioritere formidling retta mot barn og unge, lokalsamfunnet og Den kulturelle skulesekken.

SSM har formidla sju ulike formidlingsopplegg gjennom DKS i 2017. I tillegg har SSM gjennomført ferietilbod til barn og unge i samarbeid med Ålesund kommune. I vår overordna strategi for måloppnåing legg SSM vekt på formidling knytt til "Kystkultur". Her har bankskøyta "Storeggen av Ålesund" i 2017 vore ein sentral formidlingsarena, der mantra har vore "Å lære ved å gjere". Ei ressurskrevjande formidlingsform kva gjeld både personal og økonomi. Samstundes er SSM si erfaring at formidling som engasjerar og skapar aktiv deltaking gir best resultat sett opp mot grad av læring.

I 2017 vart samarbeidet om utvikling og gjennomføring av formidling vidareført med Høgskulen i Volda. Også samarbeidet med Nynorsk Kultursentrum og Norsk Folkemuseum knytt til utprøving av vandreteater ga gode resultat.

Gjennom året har musea i SSM arrangert 102 tilstellingar. Større arrangement som famnar heile familien er dei som gir eigeninntekter av betydning. I første halvdel av 2017 opna SSM to større utstillingar. I tillegg hadde vi opning av ei vandreutstilling frå Nasjonalmuseet samt produksjon av ei større fotoutstilling. Til saman har utstillingane vore viktige sett opp mot å skape aktivitet, formidle «ny» kunnskap og ikkje minst fornye publikum si interesse om å besøke musea også utanom større aktivitetsdagar.





—  
Vedarbeid på Ytste Skotet





Hattens dag - eit samarbeid med Norske modister og hattedesignere

SSM sitt mål for fornying i perioden 2017-2021: Tilsette i SSM skal gjennom samarbeid på tvers av avdelingar og fagfelt søkje, skape og dele ny kunnskap for å bli enda meir nyskapande og nytenkjande i det arbeidet vi utfører.

Bankskøyta Storeggen hadde i 2017 sitt første driftsår. Båten er kopi av ei sunnmørsk bankskøyte, eit fiskefartøy som betydde mykje for den økonomiske utviklinga i regionen i på 1800-talet.

Utviklinga av formidling knytt til Storeggen har vore ei satsing for museet i 2017. Dette gjer at tilsette i ulike avdelingar i museet arbeider tett saman, noko som er viktig både for kunnskapsoverføring og utvikling av ny kunnskap. Museet har samarbeida med fleire nye eksterne aktørar, noko som har gjeve gode erfaringar og opplevingar. I samarbeid med Atlanterhavsparken og Marint kompetansesenter formidla vi fiskerihistorie i tett samband med problemstillingar knytt til fiskerinæringa i dag. I utstillinga Vel i hamn arbeidde vi tett med losane ved den lokale losstasjonen, og fekk slik aktualisert utstillinga i forhold til tryggleik til sjøs, noko som er av stor betydning i vår region.

I samband med Hattens dag etablerte vi samarbeid med Norske modister og hattedesignere. Hattedesignarar frå heile landet deltok i workshop ved museet ei veke, og sjølv Hattens dag var eit stort publikumsarrangement. SSM ønsker å fortsette å utvikle samarbeid med eksterne aktørar som kan bidra til nytenking og fagleg utvikling. Søre-samarbeidet blei formalisert for musea på Søre Sunnmøre som eit fagleg fellesskap der ein skal fokusere på formidling og forvaltning på tvers av avdelingane på søre. For å ha ein felles fagleg og sosial møteplass blei det etablert eit nytt kontorfellesskap for dei tilsette.





—  
Aktivitetsdag på  
Sunnmøre Museum

SSM sitt mål for tal på besøkande i perioden 2017-2021: Innan utgangen av 2021 skal talet på besøkande vere 104 000. SSM hadde 113 188 besøkande i 2017 – meir enn 9 000 fleire enn målsatt. I hovudsak er det ein synergieffekt av den store auka i talet på cruisegjestar til Ålesund hamn som utgjer besøksauka i SSM. Av dei totalt 113 188 besøkande var 52,5% betalande gjestar.

ARENA	2017	2016
Sunnmøre Museum	76 651	66 424
Aalesunds Museum	9 866	7 248
Fiskerimuseet	7 910	6 344
Herøy Kystmuseum	5 009	5 004
Volda bygdetun inkl		
Sivert Aarflot-museet	2 755	4 271
Sykkylven Naturmuseum	1 592	3 063
Brudavolltunet	2 017	2 435
Landbruksmuseum	2 435	2 217
Yste Skotet	1 942	2 024
Møbelmuseet	1 531	1 484
Godøy Kystmuseum	1 066	1 412
Dalsfjord Fyrmuseum	414	264
<b>Totalt</b>	<b>113 188</b>	<b>102 190</b>

Over: Tal på besøkande fordelt på arena

# rekneskap

## resultatrekneskap

RESULTATREKNESKAP	NOTE	2017	2016
<b>Driftsinntekter</b>			
Ordinære offentlege driftstilskot	1,2	25 566 793	24 121 720
Eigeninntekt	1	6 744 900	5 266 748
Særskilte prosjektilskot	10	417 733	989 048
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>32 729 426</b>	<b>30 377 516</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad	1	579 492	544 098
Løn- og personalkostnad	8	21 798 053	20 955 286
Avskrivning på varige driftsmidlar	3	306 968	342 379
Drift av bygg og anlegg		3 439 689	2 508 305
Vedlikehald samlingar og utstyr		2 193 821	1 575 227
Administrasjon og kontorhald		360 768	325 549
Reiser og kurs		809 257	647 592
Kjøpte tenester		1 126 082	1 854 249
Formidlingskostnad		949 223	512 683
Marknadsføring/publikumskostnad		406 498	335 352
Utstillingskostnad		820 464	645 858
Andre driftskostnader		223 042	184 272
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>33 013 357</b>	<b>30 430 851</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-283 931</b>	<b>-53 335</b>
<b>Finanspostar</b>			
Renteinntekt		49 383	67 950
Anna finanskostnad		445	671
<b>Sum netto finansposter</b>		<b>48 938</b>	<b>67 280</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-234 993</b>	<b>13 945</b>
<b>Disponering</b>			
Overføringar anna eigenkapital	7	-234 993	13 945
<b>Sum disponert</b>		<b>-234 993</b>	<b>13 945</b>











balanse

notar

BALANSE	NOTE	31.12.2017	31.12.2016
<b>EIGNELUTAR</b>			
<b>Varige anleggsmidler</b>			
Bygg, anlegg, maskiner og inventar	1,3	3 525 986	3 542 260
Eigenkapitalandel KLP	3,8	679 234	600 311
<b>Sum varige anleggsmidler</b>		<b>4 205 220</b>	<b>4 142 571</b>
<b>Varer</b>			
Behaldning museumsbutikk	1	117 188	187 084
<b>Sum varer</b>		<b>117 188</b>	<b>187 084</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kundefordringar	4	138 852	88 485
Fording offentlege driftstilskot	4	386 550	249 000
Fordingar anna	4	105 000	1 143 341
Forskot / interim	5	1 118 242	803 577
Bankinnskot og kontantar	6	6 023 986	5 354 958
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>7 772 630</b>	<b>7 639 361</b>
<b>Sum eignelutar</b>		<b>12 095 038</b>	<b>11 969 016</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
Innskoten eigenkapital		200 000	200 000
Anna eigenkapital	7	4 520 887	4 755 880
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>4 720 887</b>	<b>4 955 880</b>
<b>Gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 931 760	1 458 404
Skuldig offentlege avgifter		1 288 426	1 179 906
Anna kortsiktig gjeld	10	4 153 965	4 374 826
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>7 374 151</b>	<b>7 013 136</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>12 095 038</b>	<b>11 969 016</b>

Ålesund 26. februar 2018

 Ragna Dahl Grønnevet Styreleiar	 Rigmor Andersen Eide Styrenestleiar	 Monica Marcelli Styremedlem	 Elling Dybdal Styremedlem
 Robert Voldnes Styremedlem	 Bjørn Nedreskodje Styremedlem	 Kjetil Tandstad Styremedlem	 Ivar Gunnar Braaten Direktør

NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Desse prisippa er brukt: Salsinntekter resultatførest ihht oppteningsprinsippet, når vara er levert eller tenesten er utført. Ordinære driftstilskot vert bruttoført. Dette inneber at driftstilskota blir periodisert og inntektsført over heile driftsåret. Tilskot til kjøp av samlingar og tilskot til kjøp av aktiverte egedelar blir nettoført i balansen. Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell innan eit år etter balansedato. Varer blir verdsett til lågaste verdi av innkjøpsprisen etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande verdi etter frådrag for avsetjing til tap på fordring. Varige driftsmidlar er i balansen vurdert til kostpris, og blir avskrevne over den økonomiske levetida.

NOTE 2 – ORDINÆRE OFFENTLEGE DRIFTSTILSKOT

	2017	2016
Kulturdepartementet	15 210 000	13 950 000
Kulturdepartementet, balanseført inv.tilskot øyremerkt flytting og oppsetting av bedehus		1 000 000
Kystverket	1 250 420	1 214 000
Møre og Romsdal fylke	5 460 000	5 350 000
Møre og Romsdal fylke, balanseført inv.tilskot øyremerkt lagerbygg for større gjenstandar	1 000 000	
Kommunane	3 646 373	3 607 720
<b>Sum tilskot</b>	<b>26 566 793</b>	<b>25 121 720</b>
<b>Sum inntektsførte tilskot</b>	<b>25 566 793</b>	<b>24 121 720</b>

KOMMUNALE DRIFTSTILSKOT, SPESIFISERT

	2017	2016
Ålesund	1 519 000	1 482 000
Volda	627 388	627 388
Sykkylven	440 000	430 000
Herøy	269 100	264 082
Giske	261 885	255 250
Ørsta	260 000	260 000
Vestnes	142 000	139 000
Stordal	127 000	130 000
Ørskog	-	20 000
<b>Sum komm. tilskot</b>	<b>3 646 373</b>	<b>3 607 720</b>

notar

—

NOTE 3 – DRIFTSMIDLAR	BYGG & ANLEGG	INVENTAR & UTSTYR	ANTI KV. HUS	SUM
Kostpris 01.01.	57 188 543	2 913 813	4 559 199	64 661 555
Invest.tilskot ført til frådr. pr 01.01.	-51 206 721	-355 490	-3 647 787	-55 209 998
Akkumulert avskrivingskostnad	-4 935 732	-902 163		-5 837 895
Bokført verdi pr 01.01.2017	949 874	1 644 374	948 012	3 542 260
Årets tilgang	763 831		360 690	1 124 521
Årets avgang				
Årets invest.tilskot ført til frådr.	-763 831		-69 996	-833 827
Årets avskrivingskostnad	-40 257	-266 711		-306 968
Avskrivingsstype	saldoavsk.	lineær	ingen avskr.	
<b>Bokført verdi pr 31.12.</b>	<b>909 617</b>	<b>1 377 663</b>	<b>1 238 706</b>	<b>3 525 986</b>

Årets investeringstilskot ført til fradrag sum kr 763 831 gjelder:  
 Bankskøyta "Storeggen av Aalesund" kr 204 126  
 Lagerbygg for større gjenstandar kr 559 705

Årets investeringstilskot ført til fradrag sum kr 69 996 gjelder:  
 Oppsetting av bedehus

Finansielle anleggsmidler er investering i egenkapitalandel i Kommunal Landspensjonkasse - KLP. Sjå og note 8.

NOTE 4 – FORDRINGAR	2017	2016
Kundefordringar	138 852	113 485
Fordring off.driftstilskot	386 550	249 000
Fordringar anna:		
Stiftelsen UNI	90 000	
Norges Sjømatråd	15 000	
Stiftelsen Lindesnes Fyrmuseum		110 000
<b>Sum fordringar anna</b>	<b>105 000</b>	<b>110 000</b>

notar

—

NOTE 5 – FORSKOT OG INTERIM	2017	2016
Forskotsbetalt kostnad	67 088	155 423
Forskotsbetalt forsikring	541 589	648 154
Merverdiavgift til gode	509 565	1 033 341
<b>Sum forskot / interim</b>	<b>1 118 242</b>	<b>1 836 918</b>

NOTE 6 – BANKINNSKOT OG BUNDNE MIDLAR	2017	2016
<b>Bankinnskot og kontantar</b>	<b>6 023 986</b>	<b>5 354 958</b>

Pr 31.12.2016 har SSM bundne midlar med kr 601 550.  
 Dette er skuldig skattetrekk kr 601 550.

NOTE 7 – EIGENKAPITAL	31.12.17	31.12.16
Eigenkapital innskoten	200 000	200 000
Disponert årsresultat	-234 993	13 945
<b>Sum eigenkapital opptent</b>	<b>4 520 887</b>	<b>4 755 880</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>4 720 887</b>	<b>4 955 880</b>



**NOTE 8 – TILSATTE, LØN, GODTGJERSLER, PENSJONSORDNING M.V.**

Det er registrert fylgjande kostnader til løn og personal i Stiftinga Sunnmøre Museum dei siste to åra.

	2017	2016
Løn og honorar	16 778 522	16 271 519
Arbeidsgjevaravgift	2 677 824	2 489 420
Refusjonar frå Nav	-435 962	-436 822
Pensjonkostnader	2 190 894	2 266 443
Personalforsikringar	586 775	364 726
Andre sosiale kostnader		
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>21 798 053</b>	<b>20 995 286</b>
Årsverk	35,8	36,4
Sjukefråvær	2,8 %	3,7 %

**ÅRSVERK**

2016: 30,1 årsverk fast tilsette, 6,3 årsverk ekstrahjelp i sesong/arrangement

2017: 30,1 årsverk fast tilsette, 5,7 årsverk ekstrahjelp i sesong/arrangement

**Ytingar til direktør**

Det er i 2017 kostnadsført kr 748 257 i løn og kr 4 725 i anna godtgjersle til direktør.

**Ytingar til styret i SSM**

Det er i 2017 kostnadsført kr 180 650 i styrehonorar.

**TENESTEPENSJON**

Stiftinga Sunnmøre museum er tilslutta Kommunal Landspensjonskasse - KLP. Ordninga i KLP omfattar og avtalefesta pensjonsordning - AFP.

	2017	2016
Samla pensjonspremie	2 497 472	2 394 215
Premiefond	3 325 111	2 952 715
Innbetalt eigenkapital	78 923	68 430
Premiegrunnlag 31.12.	16 157 883	14 919 090
Premiereserve 31.12.	23 414 432	21 463 503

**ANTALL PERSONAR OG OG TYPE TILKNYTNING TIL ORDNINGA**

	2017	2016
85-årsregelen	1	0
AFP 65-66 år	1	0
Alderspensjon	18	14
Uførepensjon	1	1
<b>Sum pensjonister</b>	<b>21</b>	<b>15</b>
Aktive medlemmer	59	55
Oppsatt med rettighet	11	13
<b>Sum totalt</b>	<b>91</b>	<b>83</b>
Oppsatt uten rettighet	22	18

Medlemmer som mottek både løn og pensjon fra KLP blir talt med både som aktive og som pensjonistar. Med "Oppsatte med rettighet" meinast personer som ikkje lenger er registrert som aktive i avtala, og som har ein fremtidig pensjonsrettighet. Med "Oppsatte uten rettighet" meinast personer som ikkje lenger er registrert som aktive i avtala, og som har mindre enn tre års tenestetid i denne avtala. Dette gir i seg sjølv ikkje ein rett til pensjon, men overføringsavtala gjer at det kan utløysast ein pensjonsrettighet for desse hvis tenestetida innafør overføringsavtala samla blir tre år eller meir.

**HONORAR FOR REVISJON**

Det er i 2016 kostnadsført kr 73 000 i revisjonshonorar.

**NOTE 9 – PANTSETTINGAR**

Riksantikvaren har pant i fiskekuttaren "HELAND" som sikkerheit for overførte tilskot. Bokført verdi av båten utgjer etter frådrag for tilskot kr 585 578,-.

NOTE 10 – ANNA KORTSIKTIG GJELD	2017	2016
Feriepengar skuldig	1 792 540	1 551 180
Påløpt kostnad	219 081	699 987
Ingvald Skjeldrups Legat	41 720	41 720
Eksterne prosjektmidlar *	716 459	493 644
Gåveforsterkningsmidlar **	1 384 166	1 588 292
<b>Sum</b>	<b>4 153 965</b>	<b>4 374 823</b>

\*Stiftinga får tilskot til spesifikke prosjekt frå eksterne organisasjonar, både private og offentlege. I oppstillinga er desse kalla «tilskot eksternfinansierte prosjekt». Prosjekttilskota gis under føresetnad om at midlane berre blir nytta i sitt spesifikke prosjekt.

Prosjekttilskota inntektsførast i takt med kostnadsføring av påløpte prosjektkostnader. Innbetalte, men enno ikkje nytta prosjekttilskot står i balansen som kortsiktig gjeld.

\*\*Pengegåver ( over kr 100 000 ) til museet frå private aktørar kan utløyse gaveforsterkningsmidlar frå staten. Ordninga gir museet midlar tilsvarende 25 % av gaven. Departementet legg ikkje føringar på kva gaven skal nyttast til utover dei generelle føringane som ligg i dei ordinære tilskotsbrev.

Innbetalte, men enno ikkje nytta gåveforsterkningsmidlar står i balansen som kortsiktig gjeld.

Gåver mottekne i 2017 som utløyste forsterkningsmidlar er:  
Frå Stiftelsen Kjell Holm til drift av "Storeggen av Aalesund" kr 1 000 000  
Denne gåva utløyste kr 250 000 i forsterkningsmidlar.

Det er nytta til saman kr 454 126 av gåveforsterkningsmidlane i 2017:  
Kr 204 126 til bygging/ferdigstilling av "Storeggen av Aalesund"  
Kr 250 000 til drift av formidlingsopplegg på "Storeggen av Aalesund".

Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) driv museumsverksemd og er regionmuseum for Sunnmøre. Museet har hovudsete i Borgundgavlen i Ålesund. Ved utgangen av 2017 omfatta regionmuseet 13 arenaer. SSM mottar driftstilskot frå det offentlege, men har òg egne inntekter. Museet utviser streng budsjettkontroll, og har eit driftsnivå som er tilpassa tilgjengelege midlar. I 2017 har styret hatt seks møte, og handsama til saman 42 saker. Styret har dessutan vore samla til eit to-dagars styreseminar.

Reglar og instruksar for internkontroll er vidareutvikla. Det er ikkje rapportert om skadar på arbeidsplassen. Sjukefråveret har vore 2,8 % av total arbeidstid. SSM arbeider konsekvent for at det ikkje skal vere skilnad på personalet grunna kjønn. Av museet sine 32 tilsette er 14 kvinner og 18 menn. Verksemda si drift forureinar ikkje det ytre miljøet utover det som må sjåast som naturleg for denne type verksemd. Styret prioriterer i stor grad å ha fast tilsette ved dei ulike einingane. Den administrative leiinga ser til at arbeidet skjer innanfor dei strategiar og mål som styret vedtek, og at faglege føringar og prioriteringar frå det offentlege, blir ivareteke. Årsplanar for tilsette og avdelingar vert sett opp innanfor rammene av dei overordna fagplanane ved SSM. Dette året vart samlingsplan rullert, og ein er i gang med å ordne planane meir heilskapleg.

Ved sidan av den daglege drifta har tilsette i SSM gjennomført fleire større prosjekt i 2017: På Fiskerimuseet vart det opna ei losutstilling – "Vel i hamn". Denne kan sjåast i samheng med det arbeidet SSM gjer som ein del av nettverket som fyller rolla som Kystverket sitt etatsmuseum. Dessutan har ein opna ein ny utstilling om "Sunnmøringen Rollo" på Sunnmøre Museum. Likevel ser SSM det som naudsynt å prioritere arbeide med å forberede nye permanente utstillingar ved Aalesunds Museum / Fiskerimuseet og i Borgundgavlen i åra som kjem.

SSM legg i den strategiske tilnærminga vekt på formidling av mellom anna "kystkultur". Fiskerimuseet med bankskøyta "Storeggen" har vore ein sentral formidlingsarena gjennom mange og varierte arrangement; "Sjørøvarfest", Borgundfjordfiske og ulike foredrag med meir. I 2017 vart det også oppretta ei eiga dugnadsgruppe for bankskøyta – eit tiltak som skapte stor interesse og er nyttig for drifta. Arbeidet med restaureringa av Åkre bedehus har vært meir krevjande enn ein kunne sjå føre seg, men ein tar likevel sikte på at bygninga vert opna i løpet av 2018.

SSM hadde 113 188 besøkjande i 2017, noka som er meir enn 9 000 fleire enn målsatt. I hovudsak er det ein synergieffekt av den store auka i talet på cruisegjestar til Ålesund som utgjer besøksauka i SSM. Rekneskapen for 2017, etter avskrivning, syner eit årsresultat på kr. - 234 993. Styret kjenner ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på museet sin rekneskap. Det har ikkje inntreffe tilhøve etter avslutning av rekneskapsåret som har innverknad på rekneskapen.

Borgundgavlen, 26. februar 2018





BDO AS  
Daenskoogen  
Næringsdygg  
Langlandveien 17  
6010 Ålesund

Til Stiftinga Sunnmøre Museum

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Sunnmøre Museum sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg, medrekna del Internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leilinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leilinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leilinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verkefmda vil bli avvika.

### Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor



rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom helle revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremåstenlege etter tilhøve, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremåstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leilinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leilinga sin bruk av fortsett drift føresetnaden i årsrekneskapen er formåstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.



#### Utsegn om andre lovmessige krav

##### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 -Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon-, mener vi at leitinga har oppfylt plikten si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

##### Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, -Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon-, mener vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Ålesund, 27. februar 2018  
BDO AS

Erik Langlo-Johansen  
Statsautorisert revisor





MUSEUMSVEGEN 1  
6015 ÅLESUND

TLF. 70 16 48 70  
SUNNMORE.MUSEUM.NO